

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - T51, FE - 223	16/223

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

Søknad om drift og vedlikehald av veglys - Byrkjeland

Vedlegg:

Journalposttittel

Søknad om drift og vedlikehald av veilys på Byrkjeland

Dato

08.03.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen overtar ikkje drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland. Masfjorden kommune ynskjer ikkje å knyte seg til fleire veglys, enn dei som allereie er i drift av kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld søknad om drift og vedlikehald av veglys, Byrkjeland. Masfjorden kommune har mottatt søknad frå «Felleskapet Veilys Byrkjeland» på overtaking av drift og vedlikehald på veglys Byrkjeland. Søknaden gjeld overtaking av 13 stykk veglys.

Fakta

«Felleskapet Veilys Byrkjeland», grunneigarar på byrkjeland har i løpet av 2015 montert opp 13 veglys langs den kommunale vegen frå bruva ved Fv376 og opp til Byrkjeland. Det er strekt ca 850 m ny kabel for straumforsyninga, og montert målar i skap. Lysa har ein lysstyre pr lampe på 150 w. Kostnadane med innkjøp av lampar og anna materiale er tadekka av « Fellesskpat Veglys Byrkjeland. Store delar av arbeidet er utført på dugnad av grunneigarane. Veglysa har vore i drift sidan slutten av 2015.

Masfjorden kommune har i dag ansvaret for drift og vedlikehald av 393 veglys langs kommunale vegar, fylkesvegar, vegkryss, og parkeringsplassar. Masfjorden kommune har inngått avtale med BKK EnoTek AS om drift og vedlikehald av veglysanlegg på kommunale vegar og fylkesvegar i Masfjorden kommune, avtalen gjeld i tida 2017-2020. Drift og vedlikehald omfattar skifte av mørke lampar, gruppeutskift lampar, sikringsbrudd vask av armaturaskjermar og tenningsfeil, samt ettersyn av anlegga. Med i avtalen er også melding til Bkk.no om mørke veglys.

Økonomi med overtaking av 13 veglys Byrkjeland: Etter dagens avtale med Bkk EnoTek as og kjøp av straum dageens pris til lampane, vil utgifer med 13 stk veglys til Byrkjeland verte på 24.515,-. Dette vil vert ca ke 2000,- pr lampe pr år.

Vurdering

Masfjorden kommune har i dag ansvaret for 393 veglys i kommunen. I budsjettet for 2017 er ikkje lagt opp til kostnada med overtaking til drift og vedlikehald av fleire veglys. Kommunen er i allierie i gang med uskifting av gamle kvittsølv lampar, til ledslampar, oppstart 2016 i ein 3 –årig periode. Dette gjeld utskifting av tilsamand ca 180 lampar, med ein kostnad på 170.000,- pr år. Det er i gang eit arbeid (nytt EU direktiv) med energieffektivisering som nok vil ramma dei tradisjonelle natriums armaturene under 150W. Det går da på mengden lys i forhold til forbrukt effekt. Om dette trer i kraft vil kommunen står då for store utgifter i åra frammover med utskifting eksisterande veglys.

Masfjorden kommune har og tidlegare gjeve avslag på søknadar frå Haugsvær Helselag og Mjanger gardsveglag, om overtaking for drift og vedlikehald av veglys.

Masfjorden kommune står overfor store økonomisk utfordringar i åra som kjem, utifrå det som er kjent når det gjeld kommuneøkonomien. Dette gjer at kommunen må vurdere å ikkje overta og drifte og vedlikehald slik at kommenen vert påført ekstra varrige kostnadar.

Konklusjon

Kommunen overtar ikkje drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland. Masfjorden kommune ynskjer ikkje å knyte seg til fleire veglys, enn dei som allereie er i drift av kommunen.

Formannskapet - 003/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Totland sette fram framlegg til nytt vedtak:

Kommunen overtar drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland.

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

Kommunen overtar drift og vedlikehald av veglys Byrkjeland.

